

## **Infohefte for lærarar**

– Vår/haust

Innhald:

1. Førebuing til opphaldet
2. Forventningar til leirskulepersonalet
3. Forventningar til de som lærarar
4. Møteplan måndag
5. Reglar
6. Detaljert tidsprogram
7. Generell info



### **1. FØREBUING TIL OPPHALDET**

- Samle inn samtykkeskjema ifm. bruk av bilete.
- Få oversikt over eventuelle allergiar og matomsyn.
- Gå gjennom reglar, program og pakkedliste saman med elevane.
- Lage romfordeling
- Vi har ei kort innføring i kart og kompass på leirskulen. Det kan likevel vere ein fordel å ha presentert temaet på førehand om det let seg gjere.
- Samtal med elevar om det å sove vekke.
- Ta stilling til om elevane skal ha med seg telefon/eventuelt kor tid telefonen skal brukast. Vi anbefaler minst mogleg mobiltilgong, og vi har god erfaring med at elevar lar mobilen ligge heime denne veka. Vi ønsker ikkje mobilbruk under fellesopplegg eller under måltider.
- Ta stilling til om elevane skal ha ein maks sum dei kan handle for i kiosken. Vi anbefaler ei maksgrense på 350,- kr for veka.
- La elevane få litt tid til å førebu innslag til underhaldningsprogram siste leirskulekvelden. Dette kan vere song, dans, stand-up, leikar, m.m.
- Tipse elevane om at alle kle og utstyr bør merkast godt.
- Lodde stemninga for om nokon er interessert i å sove ute siste natta. Legg merke til at dette må vere i følgje med lærar. Leirskulelærarane har ikkje høve til å sove ute.

## **2. FORVENTNINGAR TIL LEIRSKULEPERSONALET**

- To leirskulelærarar er til stades frå frukost til middag, og ein frå middag til kvelds.
- Lager frukost, middag og kvelds.
- Følgjer opp forsterka reinhaldsplan.
- Styrer kiosk.
- Aktivitetar på dagtid blir styrt av leirskulelærarane.
- Det blir tilbod om aktivitetar mellom middag og kvelds.

## **3. FORVENTNINGAR TIL DE SOM LÆRARAR**

- Vekke elevane om morgonen og få dei i seng om kvelden.
- Passe på at elevane møter presis til måltid og aktivitetar.
- Delta på aktivitetar saman med elevane.
- Hjelpe å motivere elevane til aktivitetar på kveldstid og ta ansvar for at underholdningsbidrag blir gjennomført torsdagskvelden om det blir aktuelt.
- Hjelpe til med å få elevane til å følge med på undervisning og ha matro under måltida.
- Hjelpe til å fylle termosar under frukosten.
- Hjelpe til med å få elevar til å bidra med hjelpe på kjøkenet før og etter måltider.
- Minne elevane på å sette utesko fint inntil veggen og på skostativ i gongen.
- Minne elevar på å henge opp kledda på tørkerom/-skap.
- Inndeling av Survive-grupper.
- Rominspeksjon før kiosk.
- Rominspeksjon ved heimreise.
- Gå brannrunde etter at elevane har lagt seg om kvelden.

## **4.MØTEPLAN MÅNDAG**

- Utveksle telefonnummer
- Gjennomgang av brannrunde, brannrutinar og fylle ut romoversikt
- Gjennomgang av beredskapsplan
- Forventningar
- Program
- Gjennomgang av survive og inndeling av grupper
- Rutinar kiosk
- Særskilte behov ift enkeltelevar og evt. annan viktig informasjon.

## **5. REGLAR**

- Alle skal vere ein god kamerat og gjere sitt for at leirskuleopphaldet blir triveleg.
- Alle hjelper til med å halde orden på soverom og i fellesareal inne og ute. (Romma skal godkjennast kvar dag. Sjøppel skal kastast i søppelbøtter. Innesko skal brukast inne og utesko skal brukast ute).
- Ver varsam med inventar og utstyr.
- Hærverk og tagging er forbode.
- Møt presis til undervisning og aktivitetar.

- Ingen elevar må gå vekk frå leirskuleområdet åleine.
- Vis naturvett.
- Vis god bordskikk.  
(Tilpass lydnivå. Ingen går frå bordet før alle er ferdige å ete.)
- All bruk av open eld må avtalast med leirskuleleiinga.
- Sko og klede skal berre tørkast på tørkerommet eller i garderobane.
- Det skal vere ro på romma kl. 22.00.
- Dersom skulen vel at elevane skal ha med telefonar, skal desse berre nyttast etter kvelds og i eit avgrensa tidsrom (vi anbefalar ei veke UTAN telefon).
- Røyking er forbode.

Brot på desse reglane kan føre til heimsending på eiga rekning. Ved heimsending som følgje av disiplinære årsakar, har ein ikkje krav på tilbakebetaling av innbetaling av kost/losji/undervisning.

#### **6. PROGRAM MÅNDAG:**

- 12:00 Ankomst og innlosjering på rom
- 12:30 Lunsj og oppstartinfo
- 14:00 Oppmøte utanfor hovudbygg med uteklede
- 14:00-15:00 Gjere seg kjende med leirskulen, leik og samarbeidsaktivitetar
- 16:30 Middag – kjøttkaker m/tilbehør
- 17.30: Kiosk
- 18.00: Frileik ute eller inne med brettspel, bordtennis, mm.
- 19:30 Kvelds
- 21:30 Kveldsstell
- 22:00 Elevane skal vere på romma og kome til ro. God natt!

#### **TYSDAG:**

- 8:00 Vekking og morgonstell
- 8:30 Info om dagen, frukost, smøre niste og fyller termosar
- 10:30 Oppmøte i Survive-grupper utanfor bygga. Alt utstyr må vere klart.
- 10:00-14:30 Survive
- 15:00 Gjennomgang av dagen og annonsering av vinnarar
- 15.30 Middag – lasagne m/tilbehør
- 17.30 Kiosk
- 18.00 Disko (evt. frileik ute eller inne med brettspel, bordtennis, mm.)
- 19:30 Kvelds
- 21:30 Kveldsstell
- 22:00 God natt

#### **ONSDAG:**

- 8:00 Vekking og morgonstell
- 8:30 Info om dagen, frukost, smøre niste og fyller termosar
- 10:00: Oppmøte fellesrommet for konsert og historie med lokal musikk

11.00: Oppmøte utanfor hovudbygget der vi er ferdig påkledd og har med sekken.  
12.00: Lunsj ved Sagedammen  
12:30-15:00: Stasjonar – pizzalaging, kajakk, smie, kort tur til utsiktspunktet  
15:00: Middag – pizza frå steinomn  
17:30: Kiosk  
18:00: Bingo med smakfulle premiar  
21:30: Kveldsstell  
22:00: God natt

### **Torsdag:**

8:00: Vekking og morgonstell  
8:30: Info om dagen, frukost, smøre niste og fylle termosar  
10:00: Buss til Hydlaparken  
10:30-15:00 Hydlaparken  
15:00: Retur buss  
16:00: Middag- kyllinggryte med tilbehør  
17:30: Kiosk  
18:00-20.00 Avslutningskveld med pølser i brød. Program frå elevar. Det er mogleg å ha siste kvelden i hovudhuset, grilling utanfor bygget ved bålpanna, eller gå til Villmarksleiren (ca. 600 m. frå leirskulen). Dei som vil kan sove ute denne kvelden i følge med eigen lærar.  
21:30 Kveldsstell  
22:00 God natt

### **FREDAG:**

- 8:00: Vekking og morgonstell
- 8:30: Info. om dagen og frukost og dei som vil kan lage seg matpakke til heimturen.
- 9:00-11.00: Rydding, støvsuging og betaling av kiosk. Uteleik dersom tid.
- 12:00 Avreise

Ps: Det kan bli endringar i dagsplanane og nokre aktivitetar kan bli flytta til ein annan dag, f.eks. klatreparkdagen.

## **7. GENERELL INFO**

### **Oppmøte og heimreise:**

Felles oppmøte for alle elevar kl. 12.00 måndag og heimreise kl. 12.00 fredag. Dersom dette ikkje er mogleg, må de kontakte leirskulen på førehand.

**Internett:** Leirskulen har internett som lærarane kan nytte.

**Brukarnamn internett:** Nordfjord Fritidssenter

**Passord internett:** Nordfjord123

**Foto:** Leirskulen har ynskje om å få ta bilete under aktivitetar som vi kan bruke både til Naturleg Aktiv si nettside og på vår facebook- og/eller instagramkonto. De finn samtykkeskjema på nettsida som elevane kan fylle ut på førehand. Levèr skjema og evt. info om dei elevane som ikkje har samtykke.

Eigenerklæringskjema – Hydlaparken: Skjema ligg under menyen til Stryn leirskule: Haust/Vår/Eigenerklæring

Underholdning: Siste kvelden blir det program der det er fint om elevane bidreg med underholdningsinnslag. Dette kan vere dans, song, stand-up, sketsjar, leikar, quiz, m.m.

Tørking: Hovudhuset har eit tørkerom til kle og sko. Det er i tillegg skotørkarar i dei andre bygga.

Hoppbakke: Det ligg eit stort hoppanlegg rett bak leirskulen. Dette blir brukt i programmet, men kan ikkje nyttast elles utan avtale med leirskulelærarane.

Kart og kompass: På survive (tysdag) skal elevane lære å bruke kart og kompass for å finne postar i området rundt leirskulen. Det blir ein gjennomgang av dette, men det kan vere lurt å ha ei lita innføring av dette før opphaldet. Vi lærer elevane å rekne avstand, ta ut kompasskurs og lese kart.

Kiosk: Det blir enkel kiosk kvar kveld. Det blir sal av: Brus kr 30,- Sjokolade kr 30, Cookie kr 10, Chips kr 40, Frukt/Grønt kr 10,- Vi tek imot kontantar, kort og Vipps, med foretrekker kort. Det kan vere lurt å bestemme ein makssum per elev før opphaldet.

Allergi: Det er viktig at skulane gir beskjed i god tid om eventuelle allergiar. Vi tilpassar all mat så lenge vi veit om det i god tid. Vi treng òg å vete kor mange elevar som tren svinefri mat.

Overnatting ute: Det er mogleg at elevane overnattar i Villmarksleiren siste natta. Leirskulelærarane har ikkje høve til å sove ute, og elevane må difor ha med eigen lærar. Det er viktig med varm/tjukk nok sovepose.

Brann: På infomøte måndag går vi gjennom brannrunde og andre rutinar. Lærar får ansvar for å gå brannrunde kvar kveld. Det er ikkje nødvendig med våken nattvakt.

### **Velkomne til Stryn leirskule!**

Jarle Konstali-Lødemel: 90 10 60 15

Hilde Konstali-Lødemel: 98 87 62 05